

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Transport av høy

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Bruvik

Emne:

Bygdelag: Eidsfjorden

Oppskr. av: Andr. Leiro.

Gard: Fleire

(adresse): Voss.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A

SVAR

Det var lite og inkje folk bruka hesten um sumaren. Sume gardar - endå til dei største - åtte kje eingong hest. Det gjekk mykje på "fohestar", hestar som dei hadde i foster um vinteren. Dei kom mest i frå Voss; der var det so mykje skysshestar som stod ledige um vinteren. Dermed fekk dei "foløn", vanleg 60 kr., og so hadde dei hestehjelp når dei mest trong det, til mykekøyring, veda- og timberkøyring. Soleis vert det lite å segja um køyregreidone til høykøyring. Etter kvart vart det no til det at fleire og fleire heldt hest året rundt. Fyrst dei som hadde lang sjoveg og måtte klyvja eller køyra sjoarvara (korn, sild, fisk, salt -): i det heile det dei kjøpte) (lang~~x~~ veg.) Men endå lenge etter 1900 var det gardar med 8-10 naut, 20 smalar, 20 tunnor korn som ikkje hadde eigande hest. Og um dei hadde, so gjekk hesten mykje ledig um sumaren. Han stod ovante bøgarden, mett og god og hengde med lepenⁿ og såg på kor folk sveitta og bar solvarmt høy. Litt um senn kom dei då på å bruka hesten, fyrst der det var lang veg til lœa og motbakke. Men då var det å køyra på ein vanleg tremeiaslede, og dei la høyet i byrdor og sette på sleden. So kjem hjulsleden i kring 1900; men han hadde ingi grindar, dei måtte framleides byrda. Eg tenkjer fyrste grindasleden der i grende kom i kring 1910. Vinters-

dag var det meir i bruk å køyra høy, der lendet tillet det, frå utløone og heim. Men helst var det å bera, vått gras og turt høy. Det var mykje hesjaslått både heime og i marki. Dei hadde faste hesjar og slo so og so mange "hesjafyddle" Tri hesjafyllor var vanleg. So mange hesjar skulde det med retto vera både heime og i marki. Dessutan hadde dei "flathøyteigar" der det ikkje var hesjar. Det kóm seg vel noko av at det var skreggjengt so hesjane vilde ha stroke med um vinteren, og oppå fjellet der det ikkje var vyrke til hes, aller minst troor, vart det for baskesamt med hesjar. Der var og altfor "vøhart!" No måtte ein alltid rekna med godversbolkar, og då var det å "slå flatt" kvar ein var, men fyrst og fremst laut ein hugsa på flathøyteigane. På heimebøen bar dei graset i fanget åt hesi fyrste gongen dei slo i. Ungane var måta til å "bera åt". Andre og tridje hesjafylla vart det noko lenger til hesi. Noko lettare enn beint å bera høyet i fanget var det å laga ei *fenja* og stikka riveskaftet under. So tok du i det på baa sidor. Du fer no åt som det sviv deg. Og so bruka dei mykje "bureston". Ho har tvo armar, pålag 2 meter lange eller snautt det. Midt på dei er det *fire* ~~tvo~~ tverr-remar med eit stykke imillom, pålag som remane er breide. Armane er firkanta på midten og avrunda mot endane. Dei bøygjer noko upp der, då er det betre å få tak med nevane når "burestongi" ligg på slette marki. Ungane bar mykje åt med den og. Og um du hadde ein gutunge med deg, so var du kje vanhjelpen for det. Han gjekk fyre der han best såg kor han steig, og heldt ytst i armane. Du som var vaksen, gjekk etter og tok tak lenger inne på ~~XXXXX~~ armane. So fekk du tyngdi. I marki bar dei mykje på bendel når det ikkje var for langt til hesjastødet. Ein bendel er ei bjørkesviga, so lang som du bryr deg um å ha henne, og kløyvd, for då er ho mjukare. Den legg du på bakken og høy uppå det du er kar til. So bretter du upp toppenden som ligg mot deg og set ryggen imot, grip um starten og kipper deg upp. Det heng betre

2

3

enn ein skulde tru. Skal du beint undanbakke, eller mest beint, og det er bra hall, so høver det å dra på topp. Det er ei høveleg stor grein. Den legg du høyet på, tek i enden og dreg nokso lett. Kor mykje du kann dra i eisluk droga? Ja, det er so mangt som avgjer det. Fyrst kva kar du er, og meir kor lagleg det er: bratt og slett og beint undan. No, det er betre å gå ein gong meir og gå lett enn å koma i bal. Det sa dei som var gamle og vituge. Men skal du eit stykke veg med høyet, so er det byratoget du lyt ha. Eit vakse byratog er 5 famnar. Dei laga tog av lindebast, heilt fram mot 1900 sume. Men då var "kalltoget" det vanlege eller manillatog, som dei forresten kalla basttog. Dei siste var best i vått ver, for dei vart ikkje so stive. Det hadde ikkje lite på seg med ei god "KIXX" "høll" (hovold). Ho skal vera rund og ikkje for liti, for då grev ho seg ned i høyet når du gyrder og toget glid kje skapleg. So er det å "leggja på". Å laga ein sloe, det kann kvensomhelst, men leggja ei byrda som er god å bera og heng på, jamvel um du skulde detta i enda ei gong og tvo, det er kje gjort fyrste gongen. Sume lærer aldri leggja ei skikkeleg byrda. Men det er og ei skam. Ei sumarsbyrda hadde vanleg 4 fengjor (fengja, f. pl. fengje). Fyrst legg du ~~toget~~ toget skikkeleg ut med høveleg avstand millom tampene. Det rettar seg noko ettersom høyet er, langt eller stutt. Du kann støyra einne sprauta av holli ned i marki, so får du toget liggjande nett der du vil ha det. Fyrste fengja legg du då eit stykke frå holli, andre fram til den og eit stykke attyver den fyrste fengja. 3. på fyrste og 4. på 2. Alle skal nå burt yver den fyrre so det heile er bunde i hop. So slengjer du toget yver og "lèt i", d.v.s. du smøygjer endane gjennom holli ovanfrå slik at tampene når dei kjem ut- att, ~~KIXX~~ ^{kjem} millom dei som går inn, og gyrder. (jyre av jyrå).

Fyrst med knei mot byrda, so reiser du henne upp framme

og "tak, na på knytt". Du set det undet og dreg i tampans
 slik at du lytter henne upp og gjer ein dyst med same. Da
 får du nytta tyngdt av byrda til å snøra. Har du langt å
 bera, må du gjera deg meir fyre både med å leggeja på og
 gjyda. Et vetrabyrda hadde 5 fongfor, og då la du den fyrste
 framme med hollit. Siste fongja bør nemlig komma der,
 ja, so er det å "sekja" og "komma seg på fott".
 Der står du med dei tvo tampans fast i eine neven som du
 held med loven upp. So tok du med den andre neven og losar
 ene "fatin" og let toget gii i handt. Den andre fatien
 held so ikkje gyrding i losnar. Når du har losa
 so mykje at det er lett å stikka armen under, gjer du det
 og snur deg i det same og set ryggen mot byrda. So snører du
 den fatien til, tok attum deg med hin armen og finn den
 andre fatien og losar han so mykje at du får klamma olbogen
 under. Snører so både jamt og høvelig. Er det halli der du
 held deg, er det lett å koma upp. På flat mark er det vandare,
 og verre di tyngre byrda er. Den som kann knepat, gretter
 seg med eigi hjelp. Han set helane i bakken, spanner seg upp
 i ein boge so byrda rullar attlyver, gjer ein snøge kink fram-
 lyver, krøkjler knet til sides ~~til sidet~~ inn under seg best råd,
 og byrda rullar nokso lett upp på ryggen medan du vert ligg-
 jande på kne. Lyt du na hjelp, so må hjelposmannen stå attan-
 fyre. Og han må vera so forstendig at han gjer høvelig av
 hjelpt, alles går du på nasa. Står han frammyre og dreg i
 tampans, som du sjelv og held i, dreg han det for mykje upp-
 lyver, og når han slipper, vil byrda nøggja attlyver og dra deg
 med. So er du koman upp og står der og hylsar litt på deg so
 byrda kjem til å leggeja best råd, kjenner på snøringi at den
 er jamn på bae fattane, og no kjenner du um ho er rett ladd.
 Ho skal ha god tyngd oppå herdane og vera stød for ryggen
 so han ikkje sig inn i høvet for mykje. Hollit skal vera eit

~~stykke~~ stykke frå nakken. For når du går, vil høyet siga i hop og gyrdingi ~~vil~~ losna. So må du snøra til, og holli nærmar seg halsen. Kjem ho heilt inntil, får du "hollahals", då er det kje råd snøra meir. Dessutan: når holli der tampene som du held i er feste, er lenger uppe og bak, so lettar du byrda upp yver akslene når du dreg i dei, og der er det tungen skal liggja. Er tampendane som du held i neven lange nok til det, ~~legg~~ ^{legg} du ^{dei} ~~over~~ over oksli og slær dei rundt olbogen og fram att i handi, so glid dei kje upp i holli, eller du vavar dei rundt neven. Det må ofte litt meir snøring til ettersom byrda sig saman. Men so kann det henda at du får kjenna at byrda er uskapleg lagd. Ryggen kiler seg inn i samkoma millom tvo fengjor. Då heng øvste parten uppe på ryggen, og den nedste sig alltid lenger ned i XX "nèsebøtna". Du får kje åt å stiga skikkeleg, og det stramar seg til uppi halsen so halssenane står nett som spana tog. Du får blodstigning til andletet, vert raud og mødd. Eller fengjone kann ha vore endastore, og byrda vert skeiv - liti på eine sida og like mykje for stor på hi - like til ho dett sund, og du står att med bera toget. Slikt er det best at hittfolket ikkje ser dersom du har æra kjær.

"Han Jo på Myrne va ein ekta klakkesme mē ka 'an tok seg té. Da vart inkvart bakvendt å løyse støtt. Me børe høy ni Munkabotnē ein dag, å byrna hass dōtte tå rett so da va, å allti vō dei idla å bēra. So sētt' eg byro tå meg å la på att åt 'an ei gong. È 'o go å bēra, spūr' eg. Ho è so go at eg skje bōr' 'ne té Gullbrå, sa 'an. Dar è goa fem mil dar té". — Bera gjorde alle, kar og kvinnfolk. Og ungane var kje store fyrr dei bar ei fengja. Er det berre høveleg langt og ikkje for stygt å gå, so er dei vel so snåpe i snuren dei som ein vaksen. Dei vil gjerne "būssa" litt meir, men du får kje sjå altfor nøgje på det. ~~Kjen~~ ^{Kjen} du kje att etter byrda på same staden, må du ta "~~høsten~~ med

6
deg. Den krafsa^f du i hop med riva når du er komen på føter,
og stikk upp i armkriken. - Eg skulde ha sagt noko um korleis
ein skal fengja, for du kann vel kje det heller. Er det turrhøy,
Og du vil gjera deg eit grand fyre, skal du fyrst bruka riva
og jamna høyet til, attåt føtene. Når du har fenge nok til ei XX
fengja, kasta^f du riva og tek framum med baa hendene og klem-
mer høyet attyver, knuar det i hop med knei og nuppar og lause
dottar på endane. Er det råhøy og ligg i ein ^{stø} ~~XXXX~~ dunge,
er det mindre tak å få med riva. Då kann du bruka berre nevane.
Men det går lett so at fengja då vert meir ujamn.

Rodda. Roddor kom or bruk ikring 1900, og det var sjeldan
du såg slikt på dei tider og. Men dei var sakte gode på
sine stader. Under brattfjellet er det jamt eit band med
grornæm skremark, og so kjem uri nedanfor. Der er stuande
med gras. Og so var det mange stader store, grasrike "tø"
uppi bergsidone. Men å bera frå slike stader er lite råd ~~med~~.
Då er roddone gode. Det var vidjeroddor og togaroddor.

Toget var noko grannare enn byrdatog, som taumar pålag,
eller knapt det. Dei var bundne som eit garn, men ~~skapet~~ ^{dei}
skulde vera ^{skaple} som ei kula. Det var dei no slett ikkje alltid,
for det ~~er~~ ^{er} ikkje lett å få til. Dei vilde jamt verta noko
avlange og med knep både her og der. Det var råhøy eller
"ljù" (ljo, bana el. litt turka høy) du hadde i roddone.
Dei var so store at det gjekk ei skapleg byrda i dei. Der
er ei glipa i posen der du stappar høyet inn. So tek du i
kantane på den med baa hender, set føtenå inn-i og trakkar
alt du vinn. Til hardare du stappar, til betre rullar dei.
Det var eit syn og gildt å sjå kor dei hufsa i veg ned
gjennom bratta. Dei "svøydde" småskogen under seg so du
såg berre kor det kvita i lauvet. Dei gjekk like ned på flat
mark når det ikkje var for storsteint. Stogga dei for tidleg,
fekk du velta på dei til du tykte det var likare å bera
til hes eller tutkebakke. Men då var dei nokso slunkne


med deg. Den kraser du i hop med riva når du er komen på
 føter og stikk upp i armkriken
 og blaute. Du måtte rista høyet vel anten du skulde hesja
 eller breida. — "Ein dei kadla Pért'n va ein stor lakje.
 Han visste kje nokke jéllare helle å jèra allslags spikk.
 Ein dag va 'an høgt oppi fjellsiene å slo å rodda né. Dar
 klèdd' 'an tå seg, stappa høy i klèè so da vart so ein kar,
 å slept' 'an utfy ette roddo. Folk såge ette når roddna komme,
 da visst 'an . Men då dan kar'n kom ennabytanne, trudde dei
 at han hadde jé utyve å spronje té opp i jèno liè. Då lo
 'an gott, stýggabeiste". — Det var nok løypestrengen som
 kom i staden for roddone mange stader. Han kom ei tid fyre
 1900 og var til god hjelp. Han bar høyet fram yver gjel og
 juv og ned bratte lier der dei fyrr sterta og ~~XXXX~~ bar på
 ryggen. Ofte måtte ein gå baklengs med høybyrda — utan tok
 ho nedi eg vippa deg på hovudet — og du måtte bita i toget
 og halda deg fast med baa hender. Var strengen bratt, gjekk
 det nok um du bruka trekrokar, sprakakrokar var vanlege.
 Elles bruka dei no jarnkrokar. Dei kunde vera bøygde som
 ein S. Den eine lykkja hengde ein på strengen, den andre
 krøkte ein um toget like framanfor holli. Krokane kunde og
 vera meir fyreseg-gjorde: ein noko tjukkare krok av stål,
 flat ovanpå og rund under. Han enda i ei plata som vende
 motsett til kroken. Gjenom plata gjekk ein jarnkrok med ho-
 vud. Den krøkte du i byrda; då fekk ho sviva fritt i tunn, ~~XX~~
 og det tverka ikkje so på strengen. Men so kom "tvinslna"
 (tvinslone) — "tinsla", sa sume). Det var eit hjul med ei
 veit rundt for strengen og ei jarnspong mest rundt, berre
 med eit op so du fekk hekta i strengen. På sume var dette
 opet større, men då dreiv tvinsla lettare av. Gjenom denne
 jarnråma var ein nagle som hjulet sveiv på, og i underkan-
 ten på råma var bora eit hol til ein krok åt byrda. Tvins-
 lone sleit ikkje so på strengen, men det galdt å halda dei

godt med klauafeita, utan sette hjulet seg fast so det sleit
veitinflat. Då var dei utskjemde. Det gjekk sjugande følt når stren-
gen var bratt. Når byrda råka "støytet", gjekk ho ofte sund,
og høyroket stod høgt til vers. Twinsla måtte helst bin-
dast fast. Du sette eit kast um byrdekroken med tampenden.
Trillebåra var kje noko i bruk. Jau det var visst eit par
mann som hadde det og, kvar dei no hadde set det. Dei hadde
tvo nokso breide trehjul, eller skal tru det var berre eitt
likevel?

Høyfrakting um vinteren. Der var utlødor på alle gardar,
timbralsør og stavaalsør. Dei hadde ikkje kledning, og du
måtte leggja høyet i dei nett som i ein stakk, med feng-
jor uthjå som halla ut. Det var høgre til fjells og på gar-
dar med lite skog dei bygde slike. Løone hadde namn etter
slåtta: Kupelø, Resalø, Røyrbakkalø, Dalalø o.s.v.
Dei sa ei løa tok so og so mange byrdor. Då rekna dei stødt
sumarsbyrdor. Ei sumarsbyrda er pålag $2/3$ av vi vetrabyrda.
Dei køyrde markahøyet heim um vinteren på tremeiaslede der
det var råd. Men dei la alltid høyet på tog. Samkøyring
var det når dei skulde same vegen, og det snakkast dei um
og fastsette tidi når ver og føre var lagleg. Brøyta laut
dei gjera i lag når det trongst. Den som hadde beste hest-
en, vart fyregangar for det meste. På ein langslode kunde
du setja 3 eller 4 byrdor. Då rakk dei både fram på tilno-
ne og attum remane. Men du gyrde dei fast til sleden med
gyrdingen. Det er eit enkelt tjukt tog som du legg langs
sleden under flautone, men yver meidvølen. Har du sett
fremste byrda noko frâm på tilnone, snører du henne att-
yver med gyrdingen. Det er spurt um skilnaden på ei holl
til tog og gyrding. Ja, det vart no ofte det same. Men
ein gyrding har tjukkare tog og vert hardare bruka, so
holli lyt vera deretter. Dei som hadde augo med seg og

vilde ha alt som det skal vera, såg etter når dei var i skogen og fann greiner som hadde vakse seg til tette skapet eller burtimot det. Um det ikkje var heil lykkja, var det god hjelp for det, du sette ein oke i millom til å festa toget på. Slike hollar var so å segja uslitelege. Men det var kje alltid det var råd køyra. So fekk du dra på kjelke eller sloa. Eller du køyrde eit stykke av vegen og drog eit stykke. Ein kjelke er ein liten slede, laga heilt på same måten. Han har endå til tilnor - tvo stenger med hol i til å festa i meidvølen og eit band millom dei framme. Det legg du yver oksa. Eit tog er ikke godt å dra med, for då har du ingi styring på kjelken når han går på. Men mange bruka ein togatamp når dei drog kjelken attende, der det var mest motbakke. Då gjekk du friare. I tilnone vart du gåande på skeivo mykje. Då la du tilnone attende yver kjelken. Du drog tvo byrdor på ein kjelke X vanleg. - Uppe på høgfjellet var det stakksrenne, og der slo dei stakk. Høystakken var stor eller liten, på 10 byrdor og på 50 byrdor og kvar som helst der i millom. Stundom større, men sjeldan mindre. For det meste er liene bratte, ein kann kje anten køyra eller dra på kjelke, men det let seg lenge sloa. Det laut vera eit større mannskap når ein stor~~x~~ høystakk skulde heim. For den måtte takast XX same dagen. Veret er ustødt vintersdag, og det får kje blåsa, kann du vita. Dei la høyet i byrdor då og, alt dei fekk på toget. Og so måtte dei gyrdast godt. Dei var jamt tvo um det arbeidet. Då tek du togendane um ryggen, set knei imot og legg deg attyver av all makt. Han på hi sida ^{legg seg mot byrda} og både heldt henne att og klemmer henne saman med armar og bringa og kne. Når du har gyrdt nok, fester du toget i sprautone og dreg etterpå endane under bae tampene fram-
~~anfer holli so det ikkje går~~

2108



anfor holdt so det ikkje skal gå upp. Dinest karar du vel
 til den plassen der sloen skal bindast i hop. Er det eit
 stykke dilt, lyt du helst gyrdar uppat der. So bind du
 saman so mange byrdar som du vil ha i ein sloe. Ber det
 beint undan, kann du gjorne ha ei fem-seks, skal du tvær-
 brakes, må det vera færre. Det er vanskeleg med sloe då.
 Er det bratt, slepp du nok draga. Du kann kje vera fyre
 sloen eigong, for du kann lett detta og få han yver deg.
 Då må du halda deg etter, ta deg eit tak der og styra og
 strika best du vinn. Det hende og at det brukte togallinor
 til å strika ned verste kneikane. Dei som var unge, lika
 denne sjaunen. Dei var kje leie ~~XXX~~ å få med til ta stakk.
 Ynskerori er fast snjo under og mjell ovanpå. Då for det
 finast med hoyet. Det ligge mest inkje att i sloegen, og
 so er det ikkje so baske å koma seg fram heller um du går
 berreleista (utan trugor).
 Den staden der du skifter frå sloe til slode eller kjelke
 heiter 'lessing', ein stad der du lesser. Det er eit tid-
 gjengt namn både der du har høy og ved for deg.